



MØTEINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 21.11.2023
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 14:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

Fondstyre. Startar rett etter møte i Formannskapet.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
79/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
80/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL GARDSTURISME - BYGGING AV SHERPATRAPPER I YKSENDALLEN
81/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL INNKJØP AV SAMLERIVE - GBNR. 65/2 NESHEIM I EKSINGEDALEN
82/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE, GBNR. 65/1 NESHEIM
83/2023	SØKNADSHANDSAMING: TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE

14. november 2023

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
79/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/1531

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
80/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-C90, FE-223	23/1346

HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL GARDSTURISME - BYGGING AV SHERPATRAPPER I YKSENDALEN

Vedlegg:

Søknad 29. sept 2023

Prosjektplan byggetrinn 2 sept 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

ALTERNATIV 1:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil **kr. 200 000,-** i tilskot frå Vaksdal kommunale næringsfond til grunneigar Kari Brørvik, gbnr. 61/1, til bygging av sherpatrapper frå Kvile til Nesheimsnipa i Yksendalen (byggjetrinn 2).

Tiltaket er vurdert å ha næringsverdi i høve til grunneigar si satsing på gardsturisme, og å vere i tråd med næringsfondet sitt føremål om å fremje næringsverksemd, jf. § 2 i fondsvedtektene.

Tilskotet er løyvd som eit fast eingongsbeløp, innanfor ramma av tilskotet ikkje kan overstige 30 % av total kostnad.

Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden og prosjektskildringa for bygging av sherpatrapper.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport og kostnadsdokumentasjon i tråd med løyvingsvedtaket. Det kan sendast førespurnad om inntil 80 % av løyvinga i delutbetaling.

Kommunen kan gjennomføre kontroll med at midlane vert nytta som føreset, jf. fondsvedtektene § 4 siste avsnitt.

Løyvinga gjeld til og med 01.11.25. Tilskotet vert trekt attende etter dette, om det ikkje vert søkt om utsetjing i inntil eitt år.

ALTERNATIV 2:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) løyver ikkje midlar frå Vaksdal kommunale næringsfond til grunneigar Kari Brørvik, gbnr. 71/1, til bygging av sherpatrappar frå Kvile til Nesheimsnipa i Yksendalen.

Grunngjevinga er at tiltaket ikkje vert vurdert å ha tilstrekkeleg næringsverdi i høve til fondsvedtektene § 2 «Formål».

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, jf. fondsvedtektene § 2 «Formål».

Kari Brørvik, grunneigar av gbnr. 61/1 i Yksedalen i Eksingedalen, søker i samarbeid med Stølsvegen venelag om kr. 200 000,- i tilskot til å byggje sherpatrappar frå Kvile til Nesheimsnipa (byggjetrinn 2).

Prosjektet er budsjettert til kr. 2 700 000,-, og skal gjennomførast av Stibbyggjaren AS.

Eit viktig føremål med tiltaket, er å styrkje grunneigar si satsing på gardsturisme, som tillegg til tradisjonell jordbruksdrift.

Kommunedirektøren er usikker på å om tiltaket sin næringsverdi er tilstrekkeleg for å løyve tilskot frå fondet. Søknaden vert i dette høvet vurdert å ha prinsipiell tyding, med presidents for andre saker. Det vert difor fremja to alternative framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Det vert løyvd inntil kr. 200 000,- til bygging av sherpatrappar, i tråd med søknaden.

Alternativ 2: Det vert ikkje løyvd midlar til bygging av sherpatrappar. Grunngjevinga er at tiltaket ikkje har tilstrekkeleg næringsverdi i høve føremålet med fondsmidlane, jf. § 2 «Formål».

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, inkludert primærnæringa. Prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping og moglegheit for sysselsetting, skal prioriterast, jf. fondsvedtektene § 2.

Fondsstyret, ved Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ), fattar vedtak om løyving frå fondet, etter innstilling frå administrasjonen, jf. fondsvedtektene § 5 første avsnitt.

I søknad av 29.09.23, søker Kari Brørvik, grunneigar av gbnr. 61/1 i Yksendalen, saman med Stølsvegen venelag, om kr. 200 000,- i støtte til bygging av sherpatrappar, byggjetrinn 2, frå Kvile, via Yksendalsstølen, til Nesheimsnipa i Eksingedalen. Tilrettelegginga skjer i stor grad på den gamle stølsvegen mellom Yksendalen og Yksendalsstølen, som har vore brukt av folk og dyr i fleire hundre år, mellom anna til buføring.

Føremålet med å etablere sherpatrappar er å støtte opp om grunneigar si satsing på gardsturisme, som tilleggsnæring til tradisjonell gardsdrift, mellom anna gjennom utleige av «Karistova» (nyleg restaurert) og to stølshus på Yksendalsstølen (planar om restaurering). Bygginga av trappar vil i dette høvet vere sterkt knytt til naturopplevingar og friluftsliv, med kulturlandskapet som ramme, gjennom

fotturar og fiske i fjellet, saman med andre aktivitetar. Her vil trappene lette tilkomsten til attraktive turmål, og vere eit trekkplaster i seg sjølv, noko som ferdigstilling av byggjetrinn 1, frå Yksendalen til Kvile, har vist. Trappene vert soleis sett på som eit viktig tiltak for å styrkje grunnlag for grunneigar si næringssetjing, i følgje søknaden.

Elles vil bygginga kome alle som ønskjer er å gå tur i området til gode, anten ein er fastbuande eller tilreisande dags-/overnattings turist. Tiltaket har soleis også ein sterk, ålmenn karakter ut over gardsturismesetjinga, der målet er å få fleire til å besøkje dalføret gjennom god tilrettelegging.

Kombinasjonen mellom gardsturismesetjing og ålmenn tilrettelegging, går også fram av korleis prosjektet er organisert, i form av samarbeid mellom grunneigar og Stølsvegen venelag. I dette høvet er det venelaget som er ansvarleg for gjennomføring av prosjektet, mellom anna med prosjektering og finansiering etter tinglyst avtale med grunneigar.

Kostnaden med byggjetrinn 1, kom på kr. 3 170 000,-, med finansiering frå mange kjelder, mellom anna Vaksdal kommune, som løyvde kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar. Tiltaket fekk òg tildelt Tippemidlar etter innstilling frå kommunen. Interessa for å bruke trappene og å gå tur i området, har vore stor etter ferdigstilling.

Byggjetrinn 2 er mindre omfattande enn byggjetrinn 1, gjennom prioritering av tre, avgrensa parti med trapper, fordelt på kring 300 meter, med kr. 2 700 000,- som kostnadsoverslag. Arbeidet skal som for byggjetrinn 1, gjennomførast av Stibbyggjaren AS, med sherpaer frå Nepal som handverkarar.

Byggjetrinnet vil gjere det lettare og tryggare å kome fram til Nesheimsnipa som turmål, om lag 1100 meter over havet, samanlikna med i dag, i følgje søkjar.

Søkjar ser mange positive ringverknadar med både byggjetrinn 1 og byggjetrinn 2.

Ei nærare skildring av tiltaket, mellom anna om økonomi, går fram av vedlagt søknad og prosjektplan!

Søkjar ber om at eventuelt andre tilskotsordningar i kommunen vert vurderte, dersom det berre delvis, eller ikkje i det heile teke, vert tildelt midlar frå næringsfondet til tiltaket.

Formelt grunnlag:

- Vedteker for Vaksdal kommunale næringsfond, vedtekne av kommunestyret den 14.06.22.

Fondet er ei nyskiping, og erstattar tidlegare næringsfond.

Vurdering og konsekvensar:

FORMELLE TILHØVE:

Søknaden er fremja i rett tid i høve til etablering av fondet og fastsett søknadsfrist, og søker innfrir kravet om å vere registrert i Brønnøysundregisteret, jf. vedtektene § 2, fjerde avsnitt.

Søknaden er grundig og godt grunngjeven, med god skildring av prosjektet, både når det gjeld mål for næringsutvikling og økonomi. Den er soleis tilstrekkeleg opplyst i høve til næringsfondet sine vedtekter, jf. 4 «Stønadsvilkår», med grunnlag for sakshandsaming og innstilling til vedtak.

FONDET SITT FØREMÅL:

Vedtektene for næringsfondet seier som nemnd at fondet skal nyttas til å byggje opp under næringsverksemd i kommunen, der midlane berre kan nyttast til varige driftsmidlar eller andre, produksjonsfremjande tiltak. I dette høvet vil vurderinga av koplinga mellom bygging av sherpatrappor og grunneigar si satsing på gardsturisme i Yksendalen, vere avgjerande for om det kan gjevast tilskot frå fondet.

INNHALD OG NÆRINGSVERDI I HØVE TIL FONDSFØREMÅLET:

I utgangspunktet kan bygginga av sherpatrappor sjåast på som eit breitt, ålmennyttig tiltak for friluftsliv, som vil kom mange til gode, snarare enn å vere eit direkte, næringsretta tiltak. Likevel er det naturleg å sjå samanhengen mellom trappene og det overnattingstilbodet som grunneigar byggjer opp kring garden i Yksendalen, med vekt på aktivitets- og opplevingstilbod for dei besøkjande. Her utgjer tilgangen på natur og friluftsliv ein sentral kvalitet og motivasjon, der trappen både vil skape merksemd og å trekkje til seg folk, vonleg til nytte for gardsturismeverksemda. Elles går det klart fram av både søknaden og prosjektskildringa, at etableringa av trappene vert sett på som ein sentral del av satsinga på småskala reiseliv. I dette høvet kan ein òg sjå til andre stader, der ulike attraksjonar utgjer trekkplaster for lokale reiselivssatsingar.

Gardturismesatsinga i Yksendalen, med overnattingstilbod, har avgrensa omfang og kapasitet. Spørsmålet er difor i kor stor grad tilbydar kan gjere seg nytte av det auka besøket i området, grunna sherpatrappene. Byggjetrinn 1, som er det største, er som nemnd ferdiggjort, og det er grunn til tru at auken i ferdsle som følgje av dette, utgjer eit tilstrekkeleg kundegrunnlag for eksisterande tilbod. Likevel vil begge byggjetrinna kunne gje grunnlag for å utvikle tenestetilbodet ytterlegare, til dømes ved sal av lokale produkt og naturguiding, både i regi av grunneigar og andre tilbydarar i Eksingedalen.

Tankane om tilleggstenestar ovanfor, ligg på sida av innhaldet i sjølve søknaden, men er likevel viktige å tenke over - og ha eit forhold til - sidan den samla, lokale næringsverdien vil vere avhengig av kva ei klarer å byggje opp av tilbod rundt sjølve turopplevinga. For det å gå i fjellet i seg sjølv, gjev lite grunnlag for næringsutvikling, om ein ikkje kan tilby noko anna i tillegg. Dagens gardsturismesatsing er i dette høvet ein god start, samstundes som andre, moglege tilbod i framtida, vil vere med å byggje opp under sherpatrappene sin næringsverdi på sikt, utan det dette har avgjerande tyding for handsaming av gjeldande søknaden.

Sidan det er Stølsvegen venelag som står for bygging av sherpatrappene, kan ein gjerne seie at eit tilskot frå næringsfondet, først og fremst vil gå til dette laget. Venelaget er ikkje ein næringsaktør, men ein friviljug organisasjon som skal leggje til rette for eit allsidig og naturvenleg friluftsliv. Likevel vil trappene gje ein klar næringsverdi for grunneigar, samstundes som dei vil liggje på vedkomande sin grunn, som del av det samla ressursgrunnlaget.

ANDRE PLANAR OG LOVVERK:

I følgje næringsfondet sin vedtekter, kan kommunen sin strategiske næringsplan danne grunnlag for prioritering av midlar frå næringsfondet. Næringsplanen seier i dette høvet at det skal leggjast vekt på å fremje næringsaktivitet i alle delar av kommunen, og at reiseliv er eit innsatsområde. Elles peikar kommuneplanen sin arealdel (2019-2031) på utvikling av gardsturisme som næringsgrunnlag for landbruket, i tillegg til tradisjonell produksjon. Tiltaket det vert søkt om støtte til, ligg difor innafør nemnde planverk.

Bygging krev løyve etter plan- og bygningslova, som det er søkt om i eiga sak.

TODELT INNSTILLING:

Med bakgrunn i næringsfondet sitt føremål og vurderingane ovanfor, er kommunedirektøren usikker på om søknaden om tilskot til bygging av sherpatrappar, ligg innafor fondsføremålet. Her er det forhold som taler både for og imot dette. Samstundes vert saka vurdert å ha prinsipiell tyding, ved at avgjerda kan danna presidens for andre, liknande saker. Kommunedirektøren presenterer difor to framlegg til vedtak; eitt for å løyve tilskot, og eitt imot løyving, sjå saksinnstilling.

Framlegget om å løyve kr. 200 000,- til tiltaket, utgjere king 7,5 % av budsjettert kostnad, og vil ligg lang innanfor øvre tilskotsgrense på 30 %, jf. fondsvedtektene §4 første avsnitt.

SAMLA TILSKOT FRÅ FONDET

Det kom inn tre søknadar til fondet innan søknadsfristen, med eit samla søknadsbeløp på kr. 467 970,- Gjeldande søknad er i dette høvet vurdert opp mot dei andre søknadane, og tilgjengelege fondskapital (frie fondsmidlar). Med dette som bakgrunn, er vurderinga at det ikkje er naudsynt å gjere prioriteringar mellom søknadane, og kommunedirektøren si samla innstilling om å løyve inntil kr. 352 970,- frå fondet, fordelt på tre søknadar, er innanfor ramma i fondsvedtektene § 4, siste avsnitt.

ALTERNATIV FINANSIERING:

Alternativ kjelde til finansiering av sherpatrappene, kan vere Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv.

Frå Kari Brørvik
Yksendalsvegen 115
5728 Eidslandet
Orgnr. 979354614

Til Vaksdal kommune
Att: Næringsfondet
5722 Dalekvam

Yksendalen 29.9. 2023

Søknad om kr. 200.000 i tilskot til utvikling av gardsturisme

Grunneigar Kari Brørvik og samarbeidspartnar Stølsvegen Venelag søker med dette Vaksdal kommune om eit eingongstilskot på kr. 200.000 til byggjetrinn 2 av stiprosjektet i Yksendalen. Byggjetrinn 2 vil på ny gje brukande tilgang til mellom anna Nesheimsnipa (Blånipa); eit attraktivt og majestetisk turmål i Eksingedalen. Kostnadsoverslaget er 2,7 mill (justert for prisauke).

Det er viktig for gardsdrifta i Yksendalen å styrke og utvikle næringsgrunnlaget, både for dagens og morgondagens generasjonar. Gardsturisme her er i ferd med å verta eit attraktivt tilbod til besøkjande og vandrarar, og ei viktig attåttnæring til gardsdrifta. Kommunen har tidlegare gitt støtte til utvikling av gardsturisme i Yksendalen, og det er gledeleg at mykje av planane no er realisert.

Kort oppsummert:

- Elementa i gardsturismen her heng saman, og inngår i ein heilskap
- Stien mellom Yksendalen og Kvile var ferdig rehabilitert i 2022 (Byggjetrinn 1) Stølsvegen Venelag var prosjektansvarleg.
- Grunneigar har investert i prosjektet med eigne midlar, som ein naturleg del av prosjektet. Parkeringsplass med betalingssystem er opparbeid på garden, og utbetring av stien til Nesheimsnipa vil vera med å styrke denne innteninga
- Det er no realisert godt overnattingstilbod i Yksendalen ved at det gamle våningshuset «Karistova» er rehabilitert til god standard.
- Dei to stølshusa på Yksendalstølen er planlagt restaurert – også med tanke på tilrettelegging for overnatting/korttidsutleige
- Det gamle kokehuset på stølen er no gjenreist slik det opphøveleg var, og det er laga ein ny, stor utedo for besøkjande i tilslutning til dette. Denne skal vera open heile året for fotturistar som går turar i dette området. Dette bidreg også til å halda naturen og området her reint og attraktivt.
- Realisering av byggjetrinn 2, med reparasjon av dei fire mest turvande partia frå Kvile til Nesheimsnipa (Blånipa) er vesentleg for totalprosjektet
- Også restaurering av demningen over Skogalivatnet på veg til stølen vil gjera heile området meir tilgjengeleg for flotte turar både for folk i Eksingedalen, og for besøkjande. Demningen er eit kulturminne, bygt opp av torv og stein, og skal rehabiliterast på «gamlemåten»
- Desse prosjekta har viser at det er god gjennomføringskraft både frå grunneigar og venelaget si side.

Betydelege investeringar alt gjort

Det gamle våningshuset, «Karistova», var lenge i svært dårleg stand og til sist ikkje mogeleg å bu i. Huset er no tilbakeført til opphaveleg arkitektur og sett i stand til dagens standard og fungerer som utleigehus. <https://www.airbnb.no/rooms/741825897299242555>

Frå Karistova vart lagt ut til leige i juni i år har det vore fullt belegg så godt som kvar dag fram til no i september, og det er også utleigd ei tid framover hausten. I mange tilfeller har me fått fleire førespurnader enn det har vore kapasitet til. Talet på turgåarar og besøkjande har auka vesentleg etter at stiarbeidet var gjennomført i 2022, og med Karistova i drift frå 2023. Det har vist seg å vera eit pluss at også kårhuset på gardsnr. 61, bruksnr. 8 kan inngå i utleigetilbodet når Karistova er fullbooka, slik som under sauesankinga no i år.

Total kostnad for byggjetrinn 1 av stien var nær 3, 2 mill. No står byggetrinn 2 for tur, og det går som nemnt frå Kvile til Nesheimsnipa. Strekinga er om lag 4 km, og det er fire korte trasèar på i alt 300 meter som skal utbetrast. Arbeidet skal utførast av sherpaer frå Nepal slik som byggetrinn 1, og fagleg ansvarleg er Stibbyggjaren AS v/Geirr Vetti. Stølsvegen Venelag er prosjektansvarleg. Prosjektplan er vedlagt søknaden.

Målet er å gjennomføre arbeidet sommaren 2024, under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert. Oppstart var opphaveleg planlagt 2022, men er av ulike grunnar blitt forseinka, noko som har fordyra prosjektet vesentleg.

Stølsvegen Venelag er tildelt 1 mill i spelemidlar også til denne delen, og har fått ei ny løyving frå Olav Thon-stiftinga. Momskompensasjonen inngår også som ein del av finansieringa, og venelaget har fleire søknader inne hos ulike instansar som me no ventar svar på. Fleire av desse har tidlegare gitt tilskot til byggetrinn 1. Kommunen har nyleg tildelt 45.000 i bygdeutviklingsmidlar til prosjektet.

Grunneigar og Stølsvegen Venelag har fleire samarbeidsprosjekt («prosjekt i prosjektet»), erfaringane frå dette samarbeidet er svært positive. Mellom anna har utarbeiding og kostnader ved omfattande skilting og merking vore felles. Det same gjeld den komande restaurering av demningen ved utløpet av Skogalivatnet der grunneigar er tildelt 40.000 kroner i SMIL-midlar. Stølsvegen Venelag skal utføra arbeidet og ta ein restdel av kostnadene med dette, då stien går over denne demningen.

Resultat av satsinga i Yksendalen hittil

Det er eit breitt spekter av resultat som har vist seg allereie, og dette vert også utvida når byggetrinn 2 og rehabilitering av stølsområdet vert realisert – og ferdig:

- Tal på vandrarar på dagstur, både lokale folk og tilreisande, har auka vesentleg det siste halvanna året
- Trappene og stien fører til mindre slitasje på naturen, både som buføreveg og som turveg
- Dei siste åra har det vorte færre utleigebustader (korttidsleige) i Eksingedalen, noko som har gjeve god etterspurnad etter Karistova.
- Dette utleigehuset har også gjort det mogeleg for ulike firma som arbeider i dalen, med til dømes fiberutbygging, å sleppa daglege lange arbeidsreiser for overnatting.
- Turaktivitet er sentralt og viktig for folk og folkehelse også i Eksingedalen, då avstandane til t.d. kommunale treningssenter og idrettshall er for lange til å kunne nyttast regelmessig
- Buføring av dyr føregår også i området rundt Nesheimsnipa. Utbetring av sti vil forenkle sankinga om hausten.

- Vaksdal Turlag har hatt guida turar til Nesheimsnipa/Blånipa, men har måtta stoppa dette då øvre delar av den gamle stien no der for dårleg og utrygg. Når prosjektet med byggjetrinn 2 er fullført, vil desse turane venteleg bli tekne opp att. Eksingedalen Idrettslag ynskjer også å forlengje det årlege motbakkeløpet «Gygrakjeften opp» heilt opp til Blånipa.
- Fleire får oppleva aktivt halde kulturlandskap, som resultat av m.a. beitedyr, og med rydding av kratt og småskog heilt inntil trappene.
- Som ein del av stiprosjektet er det også sett opp svært informative skilt, med illustrasjonar og bilete, og tekst på norsk og engelsk. Her vert historia til gardsdrifta i gamle dagar fortalt, i tillegg til informasjon om dagens drift.
- Inngangen til stien, Yksendalen gard, som vert driven som komplett og sjølvstendig gardsbruk, kan for tilreisande gje kunnskap om korleis ein fjellgard i dag vert driven.
- Ein attraktiv og tilgjengeleg sti i eit flott naturområde vil, også saman med overnattingstilbodet i Yksendalen og seinare på stølen, styrke omsetningsgrunnlaget for butikk i Eksingedalen.
- Innlandsfisket etter fjellaure i fjellvatn, men også i Ekso, er støtteaktivitetar som gjev tilreisande til Yksendalen eit pluss som gjev breidde i tilbodet.

Samarbeidet mellom Stølsvegen Venelag og grunneigaren har vore heilt nødvendig for å realisere heile stiprosjektet. Dette har vore ein vinn-vinn situasjon for utviklinga av garden Yksendal og samtidig å tilretteleggja betre sti for turgåarar frå Eksingedalen og for tilreisande

Eit kommunalt bidrag på kr. 200.000 vil vera svært viktig for å få på plass restfinansiering av byggjetrinn 2. Og realisering av dette byggjetrinnet vil også ha betydning for den satsinga som grunneigar er i gang med på sjølve stølen.

Denne søknaden går primært til Næringsfondet i kommunen. Om det ikkje er tilstrekkeleg med midlar her, vil vi be kommunen om å vurdera søknaden på meir generelt grunnlag.

Med helsing

Kari Brørvik

Stølsvegen Venelag v/Britt Eide

Orgnr. 979354614

Org. nr 819407592

Vedlegg:

- Prosjektplan byggjetrinn 2
- Uttale frå Eksingedalen Idrettslag



Vi vil gjera stien til
Nesheimsnipa
(Blånipa) trygg og
tilgjengeleg igjen!

PROSJEKTPLAN FOR BYGGETRINN 2

Stølsvegen Venelag Org nr 819407592



Kort fortalt:

- Byggetrinn 1 var ferdigstilt i september 2022, kostnaden var nær 3.2 mill
- Byggetrinn 2 går over ei strekning på 4 kilometer
- 300 meter av denne strekninga skal utbetrast, fordelt på fire kortare trasèar
- Planlagt oppstart er sommaren 2024, fullføring hausten 2024
- Kostnadsoverslaget for byggetrinn 2 er 2.7 mill

RESTAURERING OG BEVARING AV STIEN FRÅ YKSENDALEN VIA YKSENDALSTØLEN TIL BLÅNIPA I EKSINGEDALEN

– Byggjetrinn 2

Tilretteleggjar og prosjekteigar: Stølsvegen Venelag. Fagleg ansvarleg: STIBYGGJAREN AS Geirr Vetti.

Om søkjar:

Stølsvegen Venelag (org. nr 819407592) er eit frivillig lag som skal arbeida for eit aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv. Laget skal ta vare på lokal kultursoge og naturgrunnlag, fremja rekreasjon og folkehelse, og er bygt på frivillig innsats.

Som eitt tiltak for å nå desse målsetjingane vil Stølsvegen Venelag restaurere og istandsetje kulturminnet stølsvegen/buføringsvegen frå Yksendalen til Yksendalstølen og vidare til Blånipa, i samråd og samarbeid med grunneigarane og andre relevante samarbeidspartnarar.

Mål:

- Å sikra stien på dei mest krevjande punkta: spesielt demningen ved Skogalivatnet, steinura i Giljane og det vanskelege klivet til Blånipa, slik at mange fleire enn i dag kan gå denne traseen, særleg barnefamiliar.
- Å formidle gards- og kulturhistorie og gjera kulturminna langs stien meir tilgjengelege for ålmenta
- Å hindre slitasje på landskapet langs stien ved å få både folk og dyr til å bruke trappene, og såleis verne naturen
- Å auka talet på vandrarar som er fysisk aktive og går i fjellet, og dermed bidra til å betra folkehelsa
- Å gjera denne traseen meir tilgjengeleg og trygg, både for dei som vil gå turen til stølen og vidare til Blånipa, og for dei som vil gå vidare til andre stølar og gardar i Eksingedalen, og/eller til DNT sitt løypenett og overnattingshytter i Stølsheimen

Bakgrunn:

Yksendalen er ein sidedal til Eksingedalen i Vaksdal kommune og ligg ved foten av Stølsheimen. Stien startar i tunet i Yksendalen (460 m.o.h.) og går bratt opp til Kvile og deretter slakare innover til Yksendalstølen. (686 m.o.h.) Stien går også vidare innover frå stølen - mellom anna til Blånipa (også kalla Nesheimsnipa, jfr Kartverket). Blånipa er ein varda topp på 1035 moh og er eit populært turmål, og er m.a. inkludert i Vaksdal Turlag sin tur-app, men er vanskeleg tilgjengeleg for «folk flest» pga eit krevjande kliv før ein kjem på toppen. For tida er det ikkje organiserte turar til Blånipa på grunn av at den siste, bratte oppstigninga er prega av stor slitasje (jfr biletet på første side), og er blitt utrygg å gå.

Frå stølen kan ein også gå turar/rundturar til andre gardar og stølar i Eksingedalen, eller inn i Norddalen og vidare inn på T-merka sti og overnattingshytter i Stølsheimen. Ein kan også gå til Skjerjevasshovden som er det høgaste fjellet i Vaksdal kommune med sine 1264 m.o.h.

Vandring er eit satsingsområde både nasjonalt og lokalt - for reiseliv og folkehelse. Turen til Yksendalstølen er ein del av den årlege «Stølatrimmen» til Eksingedalen Idrettslag, og rundt 200-300 personar har tatt turen kvart år, før tilrettelegging. Målet er at langt fleire enn i dag skal få glede av turen til stølen og vidare innover i dette vakre området, med dei flotte kultur- og naturopplevingane dette gir.

Stien har vore brukt av folk og dyr i fleire hundre år for å buføra til og frå stølen og er på mange måtar eit monument over tidlegare generasjonars slit og kamp for tilværet. Landskapet er vakkert og dramatisk frå naturen si side, med kulturlandskap og mange kulturminne frå det tradisjonelle utmarksbaserte jordbruket, heilt opp til Blånipa. Her kjem ein også inn på eldre, varda stiar som var nytta som ferdsleveg mellom øvre og nedre del av Eksingedalen før vegen kom. Desse stiane er delvis merka, og vi vil fullføra denne merkinga som ein del av prosjektet.

Aktuelt:

Stien har vore prega av stor slitasje, men den mest krevjande delen frå Yksendalen til Kvile er restaurert og utbetra av sherpaer frå Nepal og vart ferdigstilt i september 2022. Dette utgjør byggetrinn 1 i dette stiprosjektet. Vi registrerer at talet på turgåarar har auka vesentleg i sommar, noko som også er målet. Tilbakemeldingane er svært positive.

Stølsvegen og området rundt Yksendalstølen er eitt av få område i dalen som ikkje er berørt av den omfattande kraftutbygginga som har foregått i nyare tid. Yksendalen bygde eige, lite gardskraftverk rundt 1940, og det var i drift heilt fram til 70-talet. Stølsvatna vart demde opp på gamlemåten med torv og stein for å skaffa vatn til kraftverk, kvernhus og slipestein, og fleire av desse demningane er tatt vare på. Den eine demningen er ein del av stølsstien, og skal rehabiliterast i andre byggetrinn. Stølsstien fører også inn til dei andre vatna som er oppdemde med torv og stein.

Det tek om lag ein time å gå frå Yksendalen til stølen, og avstanden er knapt 3 km. Frå stølen og vidare til Blånipa er det om lag 3 km. Grunneigar har tilrettelagt for vandrarar og besøkjande og har opparbeidd ein større parkeringsplass ved starten av stien i Yksendalen. Det er i dag også toalett/dusjanlegg ved starten av stien, og oppgradering av dette med tilrettelegging for vandrarar er planlagt.

Frå stølen er det ein dagstur å gå fram til T-merka løype i Kvanndalen, og då er ein i DNT sitt løypenett i Stølsheimen. Konsesjonsvilkåra for Eviny (tidlegare BKK) skal no fornyast, og det er i samband med dette sett fram ynskje om at ein skal få bygt bru over Norddalselva. Ei bru her vil gjera det lettare å komme innover i Stølsheimen.

Byggetrinn 2:

Dette byggetrinnet er mindre omfattande enn trinn 1, som vart ferdigstilt i 2022, men det er meir krevjande på grunn av at ein kjem vesentleg lenger innover i fjellet og opp i høgda.

Under føresetnad av at byggetrinn 2 blir fullfinansiert vil dette starte i juli 2024. Det er eit overordna mål å ferdigstille heile prosjektet hausten 2024.

Stien er av historisk verdi for kulturmiljøet på og rundt stølen, som konsekvent har vore anerkjent som lokalt verneverdig, og den er også del av ei satsing som kan ha verknad for busetnaden i Yksendalen.

Partiet frå Kvile (der trinn 2 startar) og inn til stølen er relativt flatt. Det er ikkje behov for å steinsetja med trappetrinn anna enn der stien går over demningen ved Skogalivatnet. Denne gamle demningen er delvis øydelagd, og må restaurerast. Det er planen at sherpaene skal utføra arbeidet. Der er nok torv og truleg også stein i nærområdet.

Vidare frå stølen er det aktuelt å restaurera sti/byggja trapper i hovudsak i 3 kortare etappar: Opp Stølsammaren (like bak stølshusa på Yksendalstølen), i Giljane, og ikkje minst er det ynskjeleg å etablere trapper i det siste klivet før ein kjem opp på Blånipa. Resten av denne strekningen er tolleg bra. Sjå vedlagde bilete og kart for illustrasjon.

Blånipa er eit populært turmål, og Vaksdal Turlag og Eksingedalen Idrettslag har utan atterhald gitt støtte til prosjektet. Det same har ordførar og kommunedirektør i Vaksdal gjort, og kommunen har også støtta prosjektet økonomisk. Særleg er det siste klivet på vegen opp til Blånipa ei utfordring, og framstår no som utrygg også for erfarne turgåarar. Utsikter til å utbetra dette har vekt entusiasme. Der har vore fallulukker under organiserte turar, heldigvis utan større personskade. Dette partiet er også ei hindring for mange som gjerne ville tatt turen heilt opp. Får vi etablert trapper opp det siste klivet vil dette også bli ein flott tur for barnefamiliar, og fellesturarane kan gjenopptas. Blånipa og stinettet rundt er eit populært rekreasjonsområde!

Vandrarar frå andre gardar og stolar må gå det same krevjande stykket for å komma opp på Blånipa, uansett om dei kjem frå Bergo, Bindingsbø, Yksendalen eller Nesheim. Det vil i størst mogeleg grad bli brukt lokal stein, men noko stein må kjøpast frå eit steinbrot i regionen (Granvin), deponerast her i Yksendalen og flygast inn i fjellet med helikopter.

Organisering:

Stølsvegen Venelag står ansvarleg for prosjektet, i samarbeid med grunneigarane. Det er inngått grunneigaravtale som er tinglyst.

STIBYGGJAREN AS Geirr Vetti er fagleg ansvarleg.

Markedsføring:

Prosjektet har ei Facebookside <https://www.facebook.com/stolsvegenvenelag> og Instagramkonto: @stolsvegenvenelag.

Bergen og Hordaland Turlag/Vaksdal Turlag vil leggja lenker til denne ruta på sine nettsider når prosjektet er avslutta. Alle støttespelarar blir omtala, t.d. i sosiale media og ved oppslag i pressa. Det vil bli montert eit stort skilt med namn på alle bidragsstyrane ved inngangen til stien når arbeidet er ferdig.

Budsjett og finansiering:

Kostnaden med byggetrinn 1 var i alt 3.170.000,- Dei som gjorde dette mogeleg, var Kulturdepartementet/DNT, Olav Thon Stiftelsen, Kulturminnefondet, Sparebanken Vest, Sparebankstiftelsen SR-bank, Voss Sparebank, Eviny (tidlegare BKK), Vestland fylkeskommune, Vaksdal kommune samt mange bidrag frå privatpersonar.

Vi søker desse organisasjonane/institusjonane også til bidrag til byggetrinn 2, og har fått positiv respons frå fleire. Mellom anna har vi fått 1 mill i spelemidlar også til dette byggetrinnet, og ei ny og raus løyving frå Olav Thonstiftelsen. Vi avventer svar på andre søknader også. Det er krevjande å skaffe nok midlar. Stølsvegen Venelag har entusiastisk arbeid med dette motiverande prosjektet sidan 2017, og det er fram til no medgått over halvtanna årsverk i frivillig og uløna arbeid.

Kostnadsoverslag for andre byggetrinn er kr. 2 700.000- inkl prisstigning (2021-2024)og mva. Stølsvegen Venelag har som mål å fullfinansiera prosjektet med eksterne midlar i tillegg til dugnad og eigeninnsats. Byggetrinn 2 er mindre omfattande enn trinn 1, men skal gjennomførast i meir krevjande terreng.

Risiko i prosjektet:

Det er ein risiko at prosjektet må reduserast om det ikkje vert fullfinansiert, sjølv om dei utvalde strekningane på 300 m er eit minimum i denne prosjektplanen. Byggetrinn 2 er berekna til å krevje 1700 timar med eit team på 4 sherpaer. Det er vanskeleg å få auga på nokon reell risiko ved fullført prosjekt. Tvert imot ser vi fram til mange svært positive ringverknader og større tryggleik for vandrarar som går denne ruta.

Framdriftsplan:

Haust/vinter 2023/2024: Fortsetje arbeidet med planlegging, førebuingar og å skaffe fullfinansiering til byggetrinn 2.


Sommar 2024: Oppstart byggetrinn 2, gjennomført seinast oktober 2024.

Yksendalen, september 2023

Stølsvegen Venelag, Britt Eide, leiar

Vedlegg i dette dokumentet:

- Kart der dei tre strekningane på trasèen som skal utbetrast i byggetrinn 2 er markert
- Kart over området som omfattar heile prosjektet
- Bilete frå det som er gjort i trinn 1
- Bilete av Yksendalstølen
- Bilete av kokehuset som er sett opp på nytt, med ny utedo
- Bilete av trasèane som skal utbetrast i trinn 2



Kart som viser strekninga som omfattar byggjetrinn 2, i alt ca 4 km. Det er sett ring rundt områda som skal utbetrast, som til saman utgjer ca 300 m av strekninga.

NB: «Nesheimsnipa» er det same som «Blånipa». Begge namna er godkjente av Kartverket.




Deler av utbetringa (byggetrinn 1) som var ferdigstilt i 2022; bildet er frå den bratte stigninga opp til Kvile. Stien ligg som eit vakkert smykke i landskapet, og traseen følgjer den gamle stien heilt og fullt.



Yksendalstølen. Stien vidare innover og opp mot Blånipa startar i bakkant mellom dei to stølshusa.




Køkehuset (til venstre) er nyoppsett i 2023, og utvida med ein stor utedo (til høgre) som er tilgjengeleg for besøkjande og skal vera open året rundt



Oversiktskart som viser løypenettet i området rundt Yksendalstølen og Blånipa. Stien innover til Nordalen (mot Stølsheimen) er inneikna med blått. Den raude streken viser stien frå Yksendalen via Yksendalstølen til Blånipa. (NB: stiane vidare innover frå Yksendalstølen er for det meste umerka dyretråkk fram til DNT sitt løypenett i Stølsheimen, og er her teikna inn med hand for å illustrere, målestokk ikkje nøyaktig).

Stølsvegen Venelag, c/o Britt Eide, Yksendalsvegen 125, 5728 Eidslandet
Org nr 819407592 Kontonr 3480 14 93027



«Giljane», eit krevjande parti på stien mellom Yksendalstølen og Blånipa. Her vil vi rydde stien og lage gode trapper opp skaret til venstre av steinen som ligg her.

Siste kliv på stien til Blånipa midt i bildet. Sjølve turmålet, nipevarden, kan sjåast i himmelsynet lengst til venstre. Vi vil etablere trapper opp langs fjellet midt i bildet. Dette er eit svært utsatt parti.





Eitt av dei mange kulturminna langs stien: Restar av ei stor, gammal stakkstøe oppunder Blånipa. Her lagra dei høyet i «stakk» om sommaren, og drog det heim til Yksendalen på snøen om vinteren.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
81/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-U01, FA-V00	23/1040

HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL INNKJØP AV SAMLERIVE - GBNR. 65/2 NESHEIM I EKSINGEDALEN

Vedlegg:

Vaksdal kommunale næringsfond - søknad om tilskot til samlerive
Faktura spreierive

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 92 970,- i tilskot frå Vaksdal kommunale næringsfond til føretak Gaute Øvstedal, gbnr. 65/2 Nesheim i Eksingedalen.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av samlerive for bruk ved hausting av jordbruksareal (slåttemark).

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», for å fremje føretaket si næringsverksemd innanfor jordbruket.

Tilskotet utgjer 30 % av total/godkjent kostnad på kr. 309 900,- eks. mva., jf. fondsvedtektene § 4 første avsnitt.

Lågare, dokumentert kostnad, gjev lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Kommunen kan gjennomføre kontroll av at tildelte midlar er nytta som føresett, jf. fondsvedtektene § 4 fjerde avsnitt.

Løyvinga gjeld til og med 01.11.25. Tilskotet vert trekt attende etter dette.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsverksemd i kommunen, jf. fondsvedtektene § 2 «Formål».

Føretaket Gaute Øvstedal, som driv mjølke- og kjøtproduksjon på gbnr. 65/2 i Eksingedalen, søker om kr. 92 970,- i tilskot frå næringsfondet til gjennomført innkjøp av samlerive. Reiskapen skal nyttast ved drift av føretaket sine jordbruksareal.

Søknaden utgjer 30 % av innkjøpskostnaden på kr. 309 900,- eks. mva, jf. vedlagt faktura.

Kommunedirektøren finn at tiltaket er i tråd med næringsfondet sitt føremål, og går inn for å løyve inntil kr. 92 970,- til innkjøpet samlerive.

Framlegget til løyving er i tråd med søknadsbeløpet, og utgjer maksimalt tilskot i høve til fondsvedtektene sine reglar, jf. § 4 første avsnitt.

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen , inkludert landbruksnæringa. Prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping og moglegheit for sysselsetting, skal prioriterast, jf. fondsvedtektene § 2 «Formål».

Fondsstyret, ved Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ), fattar vedtak om løyving frå fondet, etter innstilling frå administrasjonen.

I søknad av 08.08.23 søker føretaket Gaute Øvstedal om kr. 92 970,- frå næringsfondet til innkjøp av samlerive for bruk i gardsdrifta.

Innkjøpet kosta kr. 309 900, eks. mva, der søknadsbeløpet utgjer 30 % av kostnaden.

Det går fram at reiskapen skal nyttast til å samle gras i strengar etter tørking på bakken. Denne tørkinga gjer at ein får dobbel grasmengd i ein rundballe, som igjen gjev monaleg mindre plastbruk, mindre køyring på grasenga og mindre transport ved innhausting, i følge søker.

Søklar si gardsdrift er knytt til volumproduksjon av kjøt og mjølk, og har eit sterkt næringspreg. Årsproduksjonen består av kring 68 mjølkekyr og 100 andre storfe. I denne samanheng driftar føretaket om lag 500 daa med dyrka mark som grunnlag for grovfôr til dyrehaldet (vinterfôr). Areala fordeler seg mellom eigne areal på gbnr. 65/2 og leigeareal andre stader i Eksingedalen.

I følge søker vil bruk av samlerive ved hausting av grasarealet, optimalisere ressursbruken og innsatsfaktorane, med mindre klimaavtrykk som resultat.

Det går fram av søknaden at samleriva vil kunne leigast ut til andre gardbrukar i dalen, med påfølgjande nytteverdi.

Formelt grunnlag

- Vedteker for Vaksdal kommunale næringsfond, vedtektene av kommunestyret den 14.06.22.

Fondet er ei nyskiping, og erstattar tidlegare næringsfond.

Vurdering og konsekvensar

Søknaden er fremja i rett tid i høve til etablering av fondet og fastsett søknadsfrist. Søkjar innfrir kravet om å vere registrert i Brønnøysundregisteret, jf. vedtektene § 2 fjerde avsnitt.

Søknaden er kort, men gjev informasjon om føremålet med - og nytten av - å investere i samlerive. Innhaldet kunne likevel vore meir opplysende om drifta og produksjonen på garden, som grunnlag for sakshandsamar si vurdering av koplinga mellom innkjøpet og påfølgjande næringsverdi. Dette ville sett tiltaket inn i ein tydelegare samanheng. Likevel gjev supplerande informasjon frå søkjar, tilstrekkelege opplysingar for sakshandsaming og innstilling til vedtak, jf. fondsvedtektene § 4 «Stønadsvilkår», andre avsnitt.

Kommunedirektøren si vurdering er at innkjøp og bruk av samlerive er i tråd med næringsfondet sitt føremål om å medverke til næringsverksemd hos næringsføretak, jf. § 2 "Formål". Investeringa vil i dette høvet rasjonalisere haustinga av grasarealet og redusere plastforbruket, som utgjer positive effektar for både økonomi og miljø. Samstundes vil reduksjonen av talet på rundballar, redusere plass- og lagringsbehov, med dei fordelane dette gjev.

Tiltaket i seg sjølv vil ikkje vere avgjerande for gardsdrifta, med leggje til rette for å optimalisere ressursbruken og innsatsfaktorane. I dette høvet er det både framtidsretta og innovativt å ta i bruk nytt utstyr og nye driftsmetodar i ei arbeidsintensiv næring, som jordbruket er.

I følgje vedtektene til næringsfondet, kan midlane berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar eller andre produksjonsfremjande tiltak. Innkjøpet av samlerive vert i dette høve vurdert å liggje innanfor desse føremåla.

Det går elles fram av vedtektene at kommunen sin strategiske næringsplan kan leggjast til grunn ved handsaming av søknadar og prioritering mellom prosjekt. I dette høvet er planen sitt mål å leggje til rette for næringsliv i heile Vaksdal, mellom anna ved å bruke ny teknologi. Her utgjer landbruket den absolutt viktigaste næringa i Eksingedalen, med størst tyding for verdiskaping, næringsutvikling og lokal busetjing. Tildeling av midlar til tiltak som fremjar landbruksdrifta, mellom anna ved bruk av nytt, tilgjengeleg utstyr, vil soleis vere i tråd med planen.

Det kom inn tre søknadar til fondet innan søknadsfristen, med eit samla søknadsbeløp på kr. 467 970,-. Gjeldande søknad er i dette høvet vurdert opp mot dei andre søknadane, og tilgjengeleg fondskapital (frie fondsmidlar). Med dette som bakgrunn, er vurderinga at det ikkje er naudsynt å gjere prioriteringar mellom søknadane, og kommunedirektøren si innstilling om kr. 352 970,- i samla tilskot til søkjarane, er soleis innanfor fondsvedtektene sine rammer, jf. § 4 siste avsnitt.

Fra: Gaute Oevstedal <ovstedal@online.no>
Sendt: tirsdag 8. august 2023 09:47
Til: Postmottak Vaksdal
Kopi: Tore Henrik Øye
Emne: Søknad næringsfond
Vedlegg: Faktura spreierive.pdf

SØKNAD NÆRINGSFOND

Me søkjer herved støtte til samlerive som vert brukt i samband med hausting av gras avling. Denne vert brukt til å samle gras i streng etter att det har tørka på bakken. Fortørkinga av gras opptil 40 % tørrstoff gjer att ein får dobbelt so mykje gras i ein rundball. Dette fører til betydelig mindre plastbruk, mindre køyring på bakkane og mindre transport av rundballar. Riva kan og verta brukt til noko leigekøyning.

Samleriva kosta kr 309.900 u/mva. Me søkjer om 30% støtte som utgjer kr 92.970.

Med venleg helsing
Gaute og Haldis Øvstedal

Gules Mek og Landbruksverkstad AS


Hardangerfjordvegen 569 5610 Øystese

Telefon

Org.nr 956648092 MVA Foretaksregisteret

WEB

E-mail firmapost@gules.no



GAUTE ØVSTEDAL
Eksingedalsvegen 2569
5728 EIDSLANDET
Norge

Faktura 34066

Fakturadato 14.06.2023 Side 1 av 1
Forfallsdato 24.06.2023 Kundenr 13859
Ordredato 14.04.2023 Ordrenr 136490
Lev.dato 14.04.2023
Lev. bet.
Selger Lars Terje Haugen
Vår ref.
Annen ref.
Deres ref.

Leveret:

Varenr	Betegnelse	Enhet	Mva	Pris	Antall	Rabatt	Beløp
103	Pöttinger TOP 762C samlerive etter kontrakt 1205 inkl singel rotorløft, frakt og montering	STK	1	309 900,00	1,00		309 900,00
Mvagr. 1:	309 900,00	25,00% mva	77475,00				
						Netto	309 900,00
						Sum mva.	77 475,00
						Sum NOK	387 375,00

Selgeren har salgspant i dei leverte varene inntil heile kjøpssummen er betalt.
For ordrer under kr. 500,-+mva, kjem omkostningar på kr. 40,-+mva.
Etter forfallsdato blir det rekna renter etter lov om morarente.

Web 24/6

SWIFT - adresse: SPAVNOBB
IBAN: NO1235302225220

Kidnr 0340661
Bankkontonr 35302225220



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
82/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V00, FE-223	23/1286

HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE, GBNR. 65/1 NESHEIM

Vedlegg:

Søknad om tilskot til kvotekjøp
Faktura Kvotekjøp

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) løyver **inntil kr. 60 000,-** i tilskot frå Vaksdal kommunale næringsfond til føretak Gaute Øvstedal, gbnr. 65/1 på Nesheim i Eksingedalen, for innkjøp av 33 607 liter i ny mjølk kvote til føretaket sin mjølkeproduksjon.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», for å fremje føretaket si næringsverksemd innanfor jordbruket.

Tilskotet utgjer 30 % av total/godkjent kostnad på kr. 200 000,- eks. mva, jf. fondsvedtektene § 4 første avsnitt. Tildelinga er kr. 90 000,- mindre enn kva det er søkt om.

Godkjent kostnad utgjer øvre ramme for utrekning av tilskotet. Lågare, dokumentert kostnad enn godkjent kostnad, gjev lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.11.25. Tilskotet vert trekt attende etter dette.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsverksemd i kommunen, jf.

fondsvedtektene § 2 «Formål».

Føretaket Gaute Øvstedal, som driv mjølke- og kjøttproduksjon på gbnr. 65/1 i Eksingedalen, søker om kr. 150 000,- i støtte frå næringsfondet til gjennomført innkjøp av mjølkekvote (33 607 liter), som tillegg til dagens kvote. Søknaden utgjør 75 % av innkjøpskostnad på kr. 200 000,-.

Kommunedirektøren finn at søknaden og tiltaket er i tråd med næringsfondet sitt føremål, og går innfor å løyve inntil kr. 60 000,- til innkjøpet av mjølkekvote. Framlegget til løyving utgjør 30 % av innkjøpskostnaden, som er maksimalt tilskot i høve til fondsvedtektene § 4 første avsnitt. Innstillinga representerer kr. 90 000,- mindre enn kva det er søkt om.

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen , inkludert landbruksnæringa. Prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping og moglegheit for sysselsetting, skal prioriterast, jf. fondsvedtektene § 2 «Formål».

Fondsstyret, ved Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ), fattar vedtak om løyving frå fondet, etter innstilling frå administrasjonen.

I søknad av 20.08.23, søker føretaket Gaute Øvstedal om kr. 150 000,- i tilskot frå næringsfondet til å delfinansiere innkjøp av 33 607 liter med ny mjølkekvote, som tillegg til mjølkekvota som føretaket har i dag. Søknad utgjør i dette høvet 75 % av total innkjøpskostnad på kr. 200 000,- jf. vedlagt faktura.

Føretaket driv med storskala mjølkeproduksjonen frå garden på Nesheim i Eksingedalen, med kring 68 årskyr og ei disponibel grunnkvote på 540 079 liter, inkludert kjøpet det vert søkt om støtte til.

Det gjennomførte innkjøpet er gjort privat - mellom to jordbruksføretak - og ikkje gjennom statleg sal.

Målsetjinga med innkjøpet, i følgje søkjar, er å leggje grunnlag for ein høg, stabil mjølkeproduksjon i regi av føretaket, og å bruke drifts- og produksjonsapparat på garden best mogleg i nærings-samanheng.

Vedtektene til næringsfondet set 30 % som øvre tilskotsramme av total kostnad med eit prosjekt. Bakgrunnen for søknaden om 75 % i støtte, tek utgangspunkt i signal på valpolitisk møte på Bergo i kommunevalkampen, om å auke løyvingane til landbruket. Søkjar har difor søkt om den tilskotsprosenten som Modalen kommune nyttar i liknande høve.

Formelt grunnlag:

- Vedteker for Vaksdal kommunale næringsfond, vedtektene av kommunestyret den 14.06.22.

Fondet er ei nyskipping, og erstattar tidlegare næringsfond.

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden er fremja i rett tid i høve til etablering av fondet og fastsett søknadsfrist. Søkjar innfrir kravet om å vere registrert i Brønnøysundregisteret, jf. vedtektene " 2, fjerde avsnitt.

Søknaden er sendt inn innan eitt år etter at tiltaket vart gjennomført, som er eit vilkår i høve til fondet sine retningslinjer.

Søknaden er kort, men gjev informasjon om føremål og nytte med innkjøpet av mjølkekvote, som tillegg til dagens kvote. Søkjar har etter førespurnad frå kommunen, gjeve supplerande informasjon om bakgrunnen for innkjøpet i næringsssamheng, som forklarar investeringa i høve til drifts- og produksjonsapparatet på garden. Dette gjer at søknaden vert sett på som tilstrekkeleg opplyst i høve til krava i fondsvedtektene § 4 «Stønadsvilkår».

Søkjar er blant dei to største mjølkeprodusentane i kommunen. Føretaket si verksemd har difor stor tyding for jordbruksdrifta i Eksingedalen, som utgjer det viktigast jordbruksområdet kommunen, både når det gjeld driftsgrunnlag, produksjon, omsetjing og lokal busetjing. I dette høvet er næringsaktiviteten i dalføret, med tilhøyrande arbeidsplassar, i alle hovudsak knytt til primærnæringa. Det vil difor vere nyttig å leggje til rette for vidareføring og utvikling av jordbruket i dalen, både gjennom kvart enkelt føretak og samla sett.

Søkjar har ved fleire høve gjennomført store investeringar i form av driftsutbyggingar, og har i dag ein moderne driftsbygning med lausdrift for framtidig mjølkeproduksjon. I dette høvet vil ei større mjølkekvote leggje til rette for best mogleg nytting av produksjonsapparatet ut frå tilgjengeleg kapasitet og fastsette rammer, med grunnlag for høg produksjon, god inntening og lønsam drift framover.

Med bakgrunn i drøftingane ovanfor, vurderer kommunedirektøren at innkjøpet av mjølkekvote er i tråd med næringsfondet sitt føremål om å medverke til utvikling av næringsføretak i kommunen, jf. § 2 i fondsvedtektene.

Ved tildeling av tilskot, held kommunedirektøren seg til hovudregelen i vedtektene, som seier at samla finansiering ikkje skal overstige 30 % eller kr. 300 000,- av den samle totale kapitaltrongen for eit prosjekt. I dette høvet vert det funne grunnlag for maksimal løyving ut frå prosentsatsen, som gjev kr. 60 000,- i tilskot etter følgjande utrekning:

$$\cdot \quad \text{Kr. 200 000,- i total utgift} \times 30 \% \text{ i tilskot} / 100 \% \quad = \text{kr. 60 000,-}$$

Tildelinga utgjer kr. 90 000,- mindre enn kva det er søkt om, jf. grunngjevinga for søknadsbeløpet i søknaden.

Sjølv om søkjar viser til politiske signal i kommunevalkampen, om høgare støtte til landbruket, kan ikkje kommunedirektøren halde seg til dette, før det evt. vert gjort endringar i fondsvedtektene.

I følgje fondsvedtektene § 2 fjerde avsnitt, kan kommunen sin strategiske næringsplan leggjast til grunn ved handsaming av søknadar og prioritering mellom prosjekt. I dette høvet seier planen at målet er å leggje til rette for eit næringsliv i heile Vaksdal, med primærproduksjonen som ei viktig næringsgrein. Elles har kommuneplanen sin arealdel (2019-2031), mål å oppretthalde og sikre jordbruksdrift og matproduksjon i kommunen. Søknaden om tilskot til kjøp av mjølkekvote, fell soleis innanfor dei nemnde planane.

Det kom inn tre søknadar til fondet innan søknadsfristen, med eit samla søknadsbeløp på kr. 467 970,-. Gjeldande søknad er i dette høvet vurdert opp mot dei andre søknadane, og tilgjengelege fondskapital (frie fondsmidlar). Med dette som bakgrunn, er vurderinga at det ikkje er naudsynt å

gjere prioriteringar mellom søknadane, og kommunedirektøren si innstilling om ei samla løyving på inntil kr. 352 970,-, fordelt på tre søknadar, er innanfor ramma i fondsvedtektene § 4 siste avsnitt.

Fra: Gaute Oevstedal <ovstedal@online.no>
Sendt: onsdag 20. september 2023 12:04
Til: Postmottak Vaksdal
Kopi: Tore Henrik Øye
Emne: Søknad om tilskot til kvotekjøp
Vedlegg: Kvotekjøp.pdf

Hei

Me søker næringsfondet om tilskot til kjøp av mjølkekvote. Kvoten kan nyttast frå neste år:1.1.2024. Me har kjøpt kvote for kr 200.000 og søker om å få dekt 75% av kjøpet, 150.000 kr .

På valmøte på Bergo lovde politikerne å auka bevilgingene til landbruket derfor søker me om 75% som er det dei får i Modalen.

Mvh

Gaute og Haldis Øvstedal

Kåre Audun Vassenden

Øvstedalsvegen 904
5723 Bolstadøyri

Fakturanr 7

Dato 14.08.2023

Urg.nr.toretaks-
registeret NO 970 055 193

Bankgiro 3480 10 28707
Tlf 97102673

Epost: kaarevass@gmail.com

FAKTURA

Gaute Øvstedal

Kundenr: 2

Eksingedalsvegen 2569
5728 Eidslandet

Kvantum	Vareslag/oppdrag	Stk.pris	Rabatt %	Sum (mva)
---------	------------------	----------	----------	-----------

Mjølkekvote

1	Sal av grunnkvote (33607 Liter)	200000,00		200 000 (25)
---	---------------------------------	-----------	--	--------------

Nettosum 200 000

Mva: (25% grunnlag: 200000) 50 000

Forfall: 24.08.2023

Rente etter forfall: 1,5 % rente pr mnd. + purregebyr

Totalt 250 000

FakturaVoss7.Landbruksdata Voss, 5700 Voss

3480 10 28707

250 000,-

24.08.2023

Fakturanr. 7

Fakturadato: 14.08.2023

Kundenr: 2

Det 14/8

Gaute Øvstedal

Kåre Audun Vassenden

Eksingedalsvegen 2569
5728 Eidslandet

Øvstedalsvegen 904
5723 Bolstadøyri

250 000,-

3480 10 28707



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
83/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V00, FE-223	23/1286

SØKNADSHANDSAMING: TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE SØKJAR: FØRETAKET LARS BJARTE NESHEIM, GBNR 65/4 NESHEIM

Vedlegg:

Søknad om tilskot til kjøp av melkekvote

Innvilget soknad om salg av grunnkvote - LARS BJARTE NESHEIM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) løyver **inntil kr. 157 042,-** i tilskot frå Vaksdal kommunale næringsfond til føretaket Lars Bjart Nesheim, org. nr. 988 233 765, for innkjøp av 41 878 liter i ny mjølkekvote til bruk i mjølkeproduksjonen på gbnr. 65/4 på Nesheim i Eksingedalen.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», for å fremje produksjons- og næringsretta drift.

Tilskotet utgjer 30 % av total/godkjent kostnad på kr. 523 475,- eks. mva, jf. fondsvedtektene § 4 første avsnitt.

Godkjent kostnad utgjer øvre ramme for utrekning og tildeling av tilskot. Lågare, dokumentert kostnad enn godkjent kostnad, gjev lågare utbetaling enn løyvd beløp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld til og med 01.12.25. Tilskotet vert trekt attende etter dette.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsverksemd i kommunen, jf. fondsvedtektene § 2 «Formål».

Føretaket Lars Bjarte Nesheim, som driv mjølke- og kjøtproduksjon på gbnr. 65/4 i Eksingedalen,

søker om kr. 157 042,- i støtte frå næringsfondet til innkjøp av mjølkekvote (41 878 liter), som tillegg til dagens kvote. Søknaden er dagsett 09.11.23, og utgjør 30 % av innkjøpskostnaden på kr. 523 457,-, jf. vedtaksbrev frå Landbruksdirektoratet.

Kommunedirektøren finn at tiltaket er i tråd med næringsfondet sitt føremål, og går innfor å løyve inntil kr. 157 042,- til innkjøpet av ny mjølkekvote. Framlegget til løyving er i tråd med søknaden, og utgjør maksimalt tilskot i høve til fondsvedtektene § 4 første avsnitt.

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommunale næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, inkludert landbruksnæringa. Prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping og moglegheit for sysselsetting, skal prioriterast, jf. fondsvedtektene § 2 «Formål».

Fondsstyret, ved Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ), fattar vedtak om løyving frå fondet, etter innstilling frå administrasjonen.

I søknad frå føretaket Lars Bjarte Nesheim, vert det søkt om kr. 157 042,- i tilskot frå næringsfondet til å delfinansiere innkjøp av 41 878 liter med ny mjølkekvote, som tillegg til mjølkekvote som føretaket har i dag. Søknadsbeløpet utgjør i dette høvet 30 % av total innkjøpskostnad på kr. 523 475, etter følgjande oppsett:

- $41\,878 \text{ liter} \times \text{kr. } 12,5 \text{ liter} = \text{kr. } 523\,475,- \times 30\% \text{ i tilskot} = \text{kr. } 157\,042,-.$

Føretaket driv med mjølkeproduksjon frå garden på Nesheim i Eksingedalen, med kring 20 årskyr. Dagens grunnkvote er på 82 619 liter, medan innkjøpet gjer at den vert 124 497 liter.

Innkjøpet er gjort etter privat avtale mellom to jordbruksføretak, med godkjenning frå landbruksdirektoratet, jf. vedlagt vedtaksbrev.

Målsetjinga med innkjøpet, i følgje søkjar, er å leggje til rette for høgare mjølkeproduksjon, med betre grunnlag for økonomisk drift og framtidig bruksutbygging, jf. nærare grunngeving i søknaden.

Vedtektene til næringsfondet har 30 % som øvre tilskotsgrense av total kostnad for eit prosjekt. Det vert i dette høvet søkt om maksimalt tilskot.

Kvota skal takast i bruk i 2024.

Formelt grunnlag

- Vedteker for Vaksdal kommunale næringsfond, vedtekne av kommunestyret den 14.06.22.

Fondet er ei nyskipping, og erstattar tidlegare næringsfond.

Vurdering og konsekvensar

Søknaden er fremja innan 15. november, som er oppgjeve som søknadsfrist på kommunen sine nettsider. Søkjar innfrir kravet om å vere registrert i Brønnoysundregisteret, jf. vedtektene § 2, fjerde avsnitt.

Søknaden er sendt inn etter at avtalen om kjøp av mjølkekvote er inngått og godkjent av landbruksdirektoratet, men før kvota får verknad i produksjonen. Søknadstidspunkt og gjennomføring er soles i tråd med fondet sine retningslinjer.

Søknaden gjev informasjon om føremålet med - og nytten av - å kjøpe ny mjølkekvote som tillegg til dagens kvote. I dette høvet er søknaden tilstrekkeleg opplyst og grunngeve for å få inntrykk av innkjøpet si tyding for produksjonen og økonomien på gardsbruket, sett opp mot næringsfondet sitt krav til produksjonsfremjande effekt av eit prosjekt.

Eksingedalen, der føretaket held til, er det absolutt viktigaste jordbruksområdet i kommune, med størst omsetjing, verdiskaping, sysselsetting og busetting i høve til næringsaktiviteten i dalføret. Føretaket si drift, med framtidsplanar, utgjer difor ein viktig del for å oppretthalde og utvikle den næringsretta drifta i Eksingedalen, samstundes som mjølkeproduksjon som driftsform, er med å sikrar ei god nytting av jordbruksareala og produksjonsgrunnlaget på staden. Innkjøpet av ny mjølkekvote, vil også styrkje grunnlaget for naudsynt bruksutbygging i framtida, i høve til nasjonale reglar og krav.

I følgje fondsvedtektene § 2 fjerde avsnitt, kan kommunen sin strategiske næringsplan leggjast til grunn ved handsaming av søknadar og prioritering mellom prosjekt. I dette høvet seier planen at målet er å leggje til rette for eit næringsliv i heile Vaksdal, med primærproduksjonen som ei viktig næringsgrein. Elles har kommuneplanen sin arealdel (2019-2031), mål å oppretthalde og sikre jordbruksdrift og matproduksjon i kommunen. Søknaden om tilskot til kjøp av mjølkekvote, samsvarer soleis med måla i dei nemnde planane.

Vedtektene til næringsfondet legg rammer for kor mykje tilskot det kan gjevast ved kvar søknadsomgang, og med bakgrunn i innkomne søknadar, tilgjengelege midlar og totalt søknadsbeløp, er det rom for å tildele midlar til gjeldande søknad.

Med bakgrunn i saksforholda ovanfor, vurderer kommunedirektøren at føretaket sitt innkjøpet av ny mjølkekvote, er i tråd med næringsfondet sitt føremål om å medverke til utvikling av næringsføretak i kommunen, jf. § 2 i fondsvedtektene.

Kommunedirektøren går inn for maksimal løyving i høve til næringsfondet sine vedtekter, ut frå følgjande utrekning:

$$\cdot \text{ kr. 523 475,- i innkjøpspris } \times 30 \% \text{ i tilskot } / 100 \% = \text{ kr. 157 042,- i tilskot}$$

Framlegget til tilskot vert lagt fram for FPØ til endeleg avgjerd.

9/11 2023

Vaksdal Kommune
Landbrukskontoret
Konsul Jebsens gate 16
5722 DALEKVAM

Lars Bjarte Nesheim
Eksingedalsvegen 2601
5728 EIDSLANDET

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ VAKSDAL NÆRINGSFOND TIL KJØP AV MELKEKVOTE

HENSIKT

Eg driv med melkeproduksjon og ynskjer fremje produksjonen på garden med at landbrukseigendomen innehar ein melkekvote som i større grad gjenspeglar noverande produksjon og samstundes mulighet for å posisjonere seg mot ny fjøs i framtida. Sjølv om det er ein mindre kvote som er omsøkt vil kvoten styrke økonomien i verksemda.

SØKJAR

Lars Bjarte Nesheim, org 988 233 765, søkjer herved om tilskott frå Vaksdal Næringsfond til kjøp av melkekvote. Totalbeløpet er kr 523.475,- Søknadssummern er 30% av totalbeløpet – kr 157.042,-

INFORMASJON

Hovednummer 4628-65/4/0 har i dag ein grunnkvote på 82619 liter. Totalt etter kvotekjøp får bruket ein grunnkvote på 124497 liter.
Bruket har 19 melkekyr.

Vedtaksdato frå Landbruksdirektoratet: 07/8-23 og får verknad frå 1. januar 2024.

Antal kjøpte liter: 41878

Pris pr liter: 12,50,-

Kjøpesum: 523.475,-

VEDLEGG

- Vedtaksbrev får Landbruksdirektoratet

Mvh

Lars Bjarte Nesheim

~SIGN~

LARS BJARTE NESHEIM
EKSINGEDALSVEGEN 2601
5728 EIDSLANDET

Vedtaksdato
07.08.2023

Vår ref.
2023051280

Privat kjøp av grunnkvote for ku 2023

Vi viser til søknaden vi fekk frå PER SMÅBREKKE, om sal av grunnkvote. Salet er innvilga.

Du har kjøpt 41 878 liter grunnkvote til landbrukseigedommen med hovudnummer 4628-65/4/0. Kjøpet får verknad frå 1. januar 2024.

Grunngjeving for vedtaket

Eigar av landbrukseigedom kan selje heile eller delar av eigedommens grunnkvote, jf. § 8 i forskrift 23.12.2011 nr. 1502 (kvoteforskriften). Tidlegare har det vore krav om at ein prosentandel av total salsmengde måtte seljast til staten ved sal av kvote. I 2023 kan du selje 0 % til staten, og alt til private kjøparar innanfor din produksjonsregion. Dette går fram av årets jordbruksoppgjær.

Viktig informasjon ved privat kjøp

Ved privat kjøp blir den kjøpte grunnkvoten liggjande udisponert. Du må derfor hugse å registrere føretaket som skal produsere på grunnkvoten du har kjøpt innan fristen 1. november. Dette gjeld også om du skal bruke grunnkvoten sjølv. Dette gjer du fra våre nettsider <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/disponering-av-grunnkvote>.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Landbruks- og matdepartementet etter lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er tre veker frå du har fått dette brevet. Klagen sender du til Landbruksdirektoratet.

Les meir om retten til å klage i forvaltningslova kapittel VI.

Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 til 19.

Lurer du på noko?

Du finn meir informasjon på nettsidene våre, landbruksdirektoratet.no. Ta gjerne kontakt med oss på e-postadressa melkekvoter@landbruksdirektoratet.no dersom du har spørsmål.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Maiken Wickstrøm
seksjonssjef

Jing Natvik
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.